

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA - Q33	14/645

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2015	Formannskapet	PS	13.01.2015
003/2015	Kommunestyret	PS	22.01.2015

Nordhordlandspakken - uttale til fylkestinget vedtak i sak 90/2014

Vedlegg:

Uttale til fylkestingets vedtak i sak 90/2014 - Nordhordlandspakken

Vedlegg

Vedlegg

Bompengesøknad_Nordhordlandspakken_030314

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til Fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.14 om bompengesøknad for Nordhordlandspakken.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune slutta seg til Nordhordlandspakken jf. KS sak 35/2014. Fylket har handsama saka, og i saksutgreiinga til fylkesrådmannen blir det presisert at det er nødvendig å få på plass større lokal tilslutning til opplegget i Nordhordlandspakken. Vedtaket frå Fylkestinget 10.12.2014 blir difor sendt tilbake til kommunane i Nordhordland for høyring og tilslutnad.

Vurdering

Rådmannen tilrår at Masfjorden kommune sluttar seg til Fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.14 om bompengesøknad for Nordhordlandspakken.

Uttale

Masfjorden kommune gjorde flg. vedtak kring bomepengesøknaden Nordhordlandspakken i Kommunestyrevedtak KS sak 35/2014:

Masfjorden kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles

oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.

Masfjorden kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte.

E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta.

Masfjorden kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Masfjorden kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidsretta løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.

Masfjorden kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med Lindås kommune med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:

vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunneløpa, før det andre vert bygt.

avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.

vurdere finansieringsløysingar (auka offentleg innsats etc.).

Høyring

Viser til skriv frå statens vegvesen 16.12.14 og Fylkestinget sitt vedtak i sak 90/2014 - Nordhordlandspakken

Fakta

Viser til saksutgreiing Hordaland fylkeskommune og vedlegga elles

Konklusjon

Masfjorden kommune sluttar seg til Fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.14 om bompengesøknad for Nordhordlandspakken.

Formannskapet - 006/2015

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til Fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.14 om bompengesøknad for Nordhordlandspakken.

Kommunestyret - 003/2015

KS - behandling:

Ordfører Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Janne Judith Sandnes, Frp, la fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg ikkje til fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.14.

Nordhordlandspakken AS vert lagt ned og vegprosjektet vert oversendt Statens vegvesen og fylke, og bed dei gjennomføra vegprosjekta utan bomfinansiering.

Røysting:

Vedtak frå formannskapet og Frp sitt framlegg vart røysta opp mot kvarandre.

Vedtak frå formannskapet vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

KS - vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til Fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.14 om bompengesøknad for Nordhordlandspakken.

